



Gunnar Andreas Danielsen  
BREISTEINVEGEN 309  
5111 Breistein

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/1176 - 22/18857

Saksbehandlar:  
Linda Hammersvik Folkestad  
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:  
07.03.2022

## Svar på søknad om dispensasjon fra byggegrense - gbnr 331/15 Håtuft

**Tiltak:** Dispensasjon frå byggegrense mot veg for etablering av snuareal  
**Byggjestad:** Gripavegen 64 – GBNR 331/15  
**Tiltakshavar:** Gunnar Andreas Danielsen  
**Ansvarleg søkjar:** Gunnar Andreas Danielsen

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg for etablering av snuareal på gbnr 331/15, datert 20.02.2022.

### **Sakutgreiing:**

#### Informasjon om saka:

Det søkast om dispensasjon frå byggegrense mot veg for etablering av parkeringsplass og snuareal ved Gripavegen 64. Det har vore parkert langs kommunal veg sida hytta blei bygd i 1964. Parkering skal no endres ved oppføring av ny hytte på tomte. Det kreves dispensasjon for etablering av parkeringsplass og snuplass i henhold til byggegrense mot kommunal veg på 15 meter. Næraste del av snuareal vil få ei minste avstand til vegmidt på 4,5 meter.

#### Vurdering/drøfting:

Kommunal veg er etablert som ei eifeltsveg med to køyreretningar. Det vert søkt om løyve til å etablere snuareal med ei minste avstand frå vegmidt på 4,5 meter. Snuarealet skal etablerast utanfor avkjørsla sin siktzone og skal ikkje nyttast til parkering. Mellom snuareal og kommunal veg skal det være opparbeida eit grøfteareal med ei bredde på minimum 1,0 meter. Grøfteareal skal ha eit jamt fall frå kant kommunal veg og skal være opparbeida slik at området ikkje innbyr til parkering eller hensetting av sikhindingar.



#### Samandrag/konklusjon:

Det vert gitt dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg med heimel i Veglova § 29 på vilkår.

#### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug      post@alver.kommune.no  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00      www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

**Vedtak:**

Alver kommune gjev, med heimel i Veglova § 29, dispensasjon frå byggegrense mot veg for etablering av parkeringsplass og snuareal på GBNR 331/15. Dispensasjonen vert gitt på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom ytterkant snuareal og midt kommunal veg skal være minimum 4,5 meter.
- Dispensasjonen forutsetter at andre nødvendige godkjenninger ligg føre.
- Alver kommune fråseier seg alt ansvar for skader som oppstår på tiltak som vert plassert i byggegrense mot veg. Dersom det under drift og vedlikehald av kommunal veg skulle oppstå skader på tiltaket, er dette tiltakshavar sitt ansvar. Tiltakshavar må sjølv sørge for og påkoste utbetring av eventuelle skader.

**Vedtaket gir berre løyve til å plassere tiltaket innanfor byggegrense mot veg iht Veglova. Samferdsel, veg-, vatn- og avløp gjer merksam på at tiltaket kan være søknadspliktig etter plan og bygningslova. Dispensasjonsvedtaket forutsetter at andre godkjenninger ligg føre**

Det er med heimel i Veglova § 29 og § 30 at vegmynde skal setje krav til tiltak langs offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privat-rettslege avtaler ovanfor eventuelle grunneigarar.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-  
forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Gunnar Andreas Danielsen

BREISTEINVEGE 5111  
N 309

Breistein

Gunnar Andreas Danielsen

BREISTEINVEGE 5111  
N 309

BREISTEIN

